


SYKKYLVEN KOMMUNE



GEBYRREGULATIV 2026

TEKNISKE TENESTER

SYKKYLVEN KOMMUNE

GEBYRREGULATIV FOR PLAN – OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA, EIGARSEKSJONSLOVA, KONSESJONSLOVA, JORDLOVA, BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA, FORUREININGSLOVA OG VEGLOVA I SYKKYLVEN KOMMUNE

Gebyrregulativet vart vedteke av Sykkylven kommunestyre 15.12.2025 i sak 78/25

SYKKYLVEN KOMMUNE

INNHALD

Innhald.....	1
Generelt.....	2
1. Gebyr for feiing og tilsyn etter brannlova.....	3
2. Gebyr for handsaming etter plan – og bygningslova.....	4
3. Forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg.....	14
4. Gebyr for handsaming etter matrikkellova og eigarseksjonslova	15
5. Gebyr for handsaming etter konsesjonslova og jordlova.....	20
6. Gebyr for graving i kommunal veg etter veglova.....	21

SYKKYLVEN KOMMUNE

GENERELT

Ved innkreving av gebyr skal det **ikkje** reknast meirverdiavgift, jf. § 3-9 i meirverdiavgiftslova.

Unnataka gjeld ved gebyr i høve til:

- feiing, jf. lov om meirverdiavgift (meirverdiavgiftslova) § 4-2 (1) b
- vatn, avløp og renovasjon, jf. lov om meirverdiavgift § 4-2 (1) b

SYKKYLVEN KOMMUNE

1. GEBYR FOR FEIING OG TILSYN ETTER BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA

Heimel: Lov av 14 juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova).

Forskrift av 17 desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging, kapittel 4 om kommunen sine førebyggjande plikter.

Forskrift av 8. november 2021 om gjennomføring av gebyr for lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal.

Vedtak: Sak 78/25 i kommunestyret

1.1 Område

I denne oversikta er det fastsett satsar for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

1.2 Gebyrsatsar

Tabell 1. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Gebyr
a. Bustad pr bueining	396 eks. mva.
b. Fritidsbustad pr bueining	Ikkje kommunalt tilbod
c. Næring og industri	751 eks. mva.
d. Andre byggverk	Ikkje kommunalt tilbod
e. Andre tilfelle etter medgått tid	751 eks. mva. (pr. time)

1.3 Forfall

Feiegebyret forfell til betaling i 3. termin (3. kvartal) for kommunale eigedomsgebyr kvart år.

1.4 Fritak

Etter søknad kan kommunen gi fritak frå gebyrplikta i medhald av § 8, jf. § 6 i den lokale forskrifta dersom eldstad vert fråkopla og røykkanalen vert blenda på forsvarleg vis.

2. GEBYR FOR HANDSAMING ETTER PLAN– OG BYGNINGSLOVA

Heimel: Lov av 27 juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) § 33-1

Vedtak: Sak 78/25 i kommunestyret 15.12.25

BYGGESAKSHANDSAMING

2.1 Generelt

Gebyrregulativet tek utgangspunkt i dei bygningstypar som er definert i Matrikkelen. Regulativet speglar det faktiske sakshandsamingsarbeidet dei ulike sakstypene medfører (sjølvkost).

Gebyret er oppbygd av to element - eit basisgebyr som speglar hovudtyngda av arbeidet innanfor kvar sakskategori - og eit arealgebyr som fangar opp meirarbeid som følgje av storleiken på bygget, areal rekna etter NS 3490 (bruksareal). I tillegg kjem gebyr for handsaming av eventuelle dispensasjonar.

Totalt gebyr inneber:

Sakshandsaming, administrasjonskostnader knytt til saka, dokumentkontroll og tilsyn. Oppdatering og ajourhald av kartverk. Gebyret vert fakturert tiltakshavar.

2.2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr.

2.3 Tidspunkt/avrekning for fastsetting av gebyr

Gebyret skal reknast etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottek ein søknad som inneheld tilstrekkeleg med opplysningar som er relevante og naudsynne for kommunen si handsaming. Kva som vert rekna som relevante opplysningar går fram av byggesaksforskrifta § 5-4.

2.4 Fakturering – og betalingstidspunkt

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

2.5 Kombinerte bygg

Består bygget av fleire funksjonar, vert gebyret utrekna etter den funksjonen som har størst areal.

2.6 Bruksendringar

Ved bruksendringar der det ikkje er ombygging, skal det betalast 25% av fullt gebyr for den kategori bygget skal nyttast til. Ved bruksendring der det skjer hovudombygging, skal det betalast etter regulativ for ombygging av det som bygget skal nyttast til.

2.7 *Avslag*

Ved avslag på søknad om tiltak blir det kravd 50% av basisgebyret for den aktuelle sakstypen. Arealgebyr blir ikkje kravd ved avslag. Avslag på dispensasjonar skal betalast fullt ut.

Reduksjon av gebyr ved avslag:

Søkjjar kan be om reduksjon dersom gebyret openbart står i misforhold til faktisk ressursbruk i saka.

Følgjande moment kan tale for reduksjon:

- a) avslag er gitt tidleg i prosessen etter ei avgrensa og enkel vurdering
- b) delen av saksbehandlinga som normalt utløyser basisgebyret, er ikkje gjennomført

Søknad om reduksjon skal vere skriftleg og grunngjeven. Einingsleiar kan redusere gebyret heilt eller delvis etter ei konkret vurdering. Avgjerd om reduksjon er eit enkeltvedtak som kan klagast på etter forvaltningslova.

Ny søknad etter avslag blir rekna som ny sak med nytt gebyr.

2.8 *Klage på urimelege gebyr*

Gebyrregulativet er vedteke som lokal forskrift etter pbl § 33-1 og kan ikkje klagast på. Fastsetting av gebyr i enkeltsaker følgjer forskrifta. Dersom gebyret verkar urimeleg høgt i høve til kostnadene, kan einingsleiar etter søknad redusere gebyret. Avgjerd om reduksjon er enkeltvedtak og kan klagast på etter forvaltningslova

2.9 *Tilsyn*

Kommunen fører tilsyn etter pbl kap. 25. Del av byggesaksgebyret dekkjer kostnader til tilsyn. Omfanget blir årleg fastsett ut frå plan for tilsyn og dokumentert kostnadsnivå.

2.10 *Gebyr for sakkunnig hjelp*

Kommunen kan i særskilde høve rekvirere sakkunnig hjelp for å få gjennomført nødvendig tilsyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 33-1 og § 25-2 andre ledd. For slik sakkunnig hjelp skal det krevjast eit gebyr i tillegg til konsulentutgifter, jf. pkt. 17.

2.11 *Gebyr for medgått tid*

For arbeid som ikkje går inn under gebyrtabellen, kan gebyr reknast etter medgått tid. Følgande timesatsar skal nyttast:

- a) Kontorarbeid: jf. tabell 17

- b) Feltarbeid:
enkelperson: jf. tabell 17

målelag: jf. tabell 17

Timesatsane er baserte på dokumentert sjølvkost (lønskostnader inkl. sosiale kostnader, fellestimar/indirekte kostnader og kapitalkostnader/kalkylerente). Satsane blir vurderte og oppdaterte årleg.

2.12 a Arealgebyr

I tillegg til basisgebyr skal det betalast:
40 kr per m² bruksareal frå 0-70m².
30 kr per m² bruksareal frå 70-250m²
20 kr per m² bruksareal frå 250-1000m²
10 kr per m² over 1000m²

2.12 b Matrikkelføringsgebyr

Gebyret, oppgitt i tabell 18 bokstav d, dekkjer kommunen sitt arbeid med å matrikkelføre opplysningar som følgje av byggesak eller meldingssak. Dette omfattar mellom anna registrering og ajourføring av bygnings- og adresseopplysningar, kvalitetssikring mot grunnlagsdata og utsending av meldingar.

Gebyret kjem i tillegg til byggesaksgebyret.

Gebyret blir kravd når kommunen startar arbeidet med matrikkelføringa. Dersom byggesaka blir trekt eller stansa før slikt arbeid har kome i gang, vert det ikkje kravd Gebyr.

Dersom tiltaket utløyser oppmålingsforretning eller andre tenester etter matrikkellova, gjeld eigne satsar i kommunen sitt matrikkel- og oppmålingsregulativ.

2.13 Basisgebyr

I tillegg til arealgebyr skal det betalast eit basisgebyr.

Generell informasjon om tabellen:

Tabellen viser gebyrsatsar for ulike typar bygg og tiltak. Dette utgjer basisgebyret i det totale byggesaksgebyret. Tabell 1 til 10 gjeld tiltak med krav om ansvarsrett. Gebyr for tiltak utan ansvarsrett står i tabell 15.

Gebyret i tabell1 bokstav o - q gjeld byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova av søknadspliktige avløpsanlegg (t.d. infiltrasjonsanlegg, minireinseanlegg og tett tank).

Den byggesaksrettslege prøvinga omfattar tiltakets plassering, teknisk løysing opp mot TEK17 og krav til dokumentasjon i søknad etter SAK10, inkl. relevante og naudsynte opplysningar, jf. byggesaksforskrifta § 5-4.

Merk at utsleppsløyve og kontroll etter forureiningsregelverket er ein eigen prosess med eige gebyr, og kjem i tillegg til byggesaksgebyret.

I parentes bak mange av tiltaka som er lista opp er det ein kode. Dette er bygningstypekoden tiltaket vil få i matrikkelen. Ved kombinerte bygningstypar betaler ein basisgebyr etter den bygningstypekoden som registrerast i matrikkelen, jf. føringsinstruks til matrikkelen.
Tabellane følgjer nedanfor.

Tabell 1. BUSTADBYGG og FRITIDSBUSTAD	Gebyr
a. Einebustad (111, 113)	17300
b. Einebustad med hybel-/sokkelleiligheit (112), tomannsbustadar (121 - 124)	21700
c. Rekkjehus (131), kjede-/atriumhus (133) og andre småhus (136)	24600
d. Bustadbrakker (193)	9800
e. Større bustadbygg (135, 141 - 146, 151, 152, 159)	57800
f. Fritidsbustad, seterhus, skogskoie, rorbu o.l. (161 - 163, 171 - 172)	17300
g. Garasje, uthus og naust (181 - 183)	6000
h. Annan bustadbygging (199)	6000
i. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

ANDRE TILTAK PÅ BUSTAD- OG FRITIDSEIGEDOM	
j. Etablering av nye bustad- eller fritidsbustadeiningar i eksisterande bygg (per bustad/fritidsbustadeining - i tillegg til eventuelt gebyr for ombygging)	
k. Pbl. § 31-2, 4. ledd. Fråvik frå byggteknisk forskrift (TEK 17) for eksisterande byggverk	
l. Vesentlege terrenginngrep, mindre tilkomstveggar og parkeringsplassar	
m. Fasadeendring, terrasser, innhegning, gjerde, støyskjerm, levegg	
n. Piperehabilitering	1600
o. Avløpsanlegg inntil 15 pe	8000
p. Avløpsanlegg 15 – 49 pe	12000
q. Avløpsanlegg 50 – 250 pe	18000
r. Støttemurar	2900
s. Basseng	4300
t. Andre tiltak	2900

Tabell 2. INDUSTRI OG LAGERBYGNING	Gebyr
a. Fabrikk- og verkstadbygning (211 - 212)	52000
b. Bygning for reinseanlegg, avfallshandtering, vassforsyning o.l. (214, 215, 216)	37600
c. Kraftstasjon o. l. (221, 229)	44800
d. Transformatorstasjon/kiosk (223)	21700
e. Kjøle- og fryselager, silo (232 - 233)	28900
f. Lagerhall (231)	21700
g. Annan industri-, energi- eller lagerbygning (219, 229, 239)	26700
h. Driftsbygningar for landbruk/fiske (241, 243, 244, 248 - 249)	21700
i. Naust/reiskapshus for fiske (245)	18800
j. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

Tabell 3. KONTOR- OG FORRETNINGSBYGNING	Gebyr
a. Kontor- og forretningsbygg (311 - 313, 319, 321 - 323, 329 - 330)	57800
b. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

Tabell 4. SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON	Gebyr
a. Ekspedisjons- og terminalbygningar o.l. (411 - 412, 415 - 416, 419)	50600
b. Telekommunikasjonsbygning (429)	21700
c. Parkeringshus/garasje, hangar-, veg-, bil-, og trafikktilsynsbygning (431, 439, 441, 449)	28900
d. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

Tabell 5. HOTELL- OG RESTAURANTBYGNING	Gebyr
a. Hotell- og motellbygning (511 - 512, 519)	86800
b. Camping-/utleigehytte (524)	17300
c. Annan bygning for overnatting (521 - 523, 529)	47300
d. Restaurant-, kafé-, gatekjøkken-, kioskbygning o.l. (531 - 533, 539)	47300
e. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

Tabell 6. KULTUR- OG FORSKINGSBYGNING	Gebyr
a. Leikepark (611)	30109
b. Barnehage- og skulebygg (612 – 616, 621)	72296
c. Laboratoriebygg (623)	36280
d. Museum, kunstgalleri, bibliotek, zoologisk- og botanisk hagebygg (641 - 643)	36280
e. Idrettsbygg (651 - 655)	36280
f. Kulturhus (661 - 663)	60228
g. Religionsbygg (671 - 675)	54214
h. Anna kultur- og forskingsbygg (619, 629, 649, 659, 669, 679)	36280
i. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

Tabell 7. HELSEBYGNING	Gebyr
a. Sjukehus (719)	21700
b. Sjukeheim, institusjon, legekontor, helsestasjon (721 - 723, 731 - 732)	86800
c. Anna helsebygning (729, 739)	50600
d. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

Tabell 8. FENGSEL, BEREDSKAPSBYGNING	Gebyr
a. Fengsel, beredskapsbygning (819, 821-825, 829)	50600
b. Monument, offentlig toalett (830, 840)	28900
c. Tilbygg, påbygg og ombygging setjast til 30 % av basisgebyr for nytt bygg	30 %

Tabell 9. VARIGE KONSTRUKSJONAR OG ANLEGG	Gebyr
Veg, parkeringsplass, støyvoll, bru, molo, VA-anlegg og liknande	
a. Mindre anlegg (gjeld ikkje tiltak som er omfatta av tabell 1 bokstav n)	8500
b. Mellomstore anlegg (t.d. avløpsanlegg 50 - 250 PE)	18000
c. Større anlegg (avløpsanlegg over 250 PE)	32000

Tabell 10. ANDRE TILTAK frå kategoriane nemnd i tabell 2 til 9	Gebyr
a. Fasadeendring, skilt	3600
b. Støttemurar	4000
c. Andre tiltak	4000
d. Pbl. § 31-4, Fråvik frå byggt teknisk forskrift (TEK 17) for eksisterande byggverk	5000

Tabell 11. DISPENSASJONSSØKNADER	Gebyr
a. Tiltak som krev dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrifter eller arealplanar der det må innhenta uttale frå andre instansar	16000
b. Ved dispensasjonar som ikkje krev innhenting av uttale frå andre instansar, eksterne eller interne	12000
c. For eit tiltak der ein treng fleire dispensasjonar (per dispensasjon utover første – dispensasjon etter bokstav a reknast før bokstav b i gebyrsettinga)	5000
Der det klart er eit misforhold mellom tiltak, tilhøva og gebyret har einingsleiar moglegheit til å sette ned gebyret	

Tabell 12. ENDRINGSSØKNADER	Gebyr
a. Endringssøknad for tiltak med ansvarsrett	5000
b. Endringssøknad for tiltak utan ansvarsrett	3000
(ved endra bygningstype eller areal korrigert dette i forhold til tidlegare betalt gebyr og gjeldande gebyrsatsar på søknadstidspunktet)	

Tabell 13. RIVING	Gebyr
a. Gebyr per bygning < 100 m ²	3500
b. Gebyr per bygning > 100 m ²	7900
c. Gebyr per bygning > 1000 m ²	15000

Tabell 14. INSTALLASJONSLØYVE AV HEIS	Gebyr
Gebyr per heis	7200

Tabell 15. TILTAK UTAN ANSVARSRETT	Gebyr
Basisgebyr:	
a. Mindre tiltak	6000
b. Alminnelege driftsbygningar i landbruket	7200
c. Midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg	7200

Tabell 16. DELINGSSØKNADER	Gebyr
a. Søknader i regulert område (områderegulering, detaljregulering)	4300
b. Søknader i uregulert område (kommuneplan, kommunedelplan)	6500

Tabell 17. DIV. GEBYR JF. ALMINNELIGE VEDTAK	Gebyr
a. Gebyr i tillegg til konsulentutgifter ved sakkunnig bistand, jf. pkt. 2.9	2900
b. Gebyr for tid gått med ved kontorarbeid: enkeltperson per time, jf. pkt. 2.10 a	1215
c. Gebyr for tid gått med ved feltarbeid: enkeltperson per time, jf. pkt. 2.10 b	1900
d. Gebyr for tid gått med ved feltarbeid: målelag per time, jf. pkt. 2.10 b	3700

Tabell 18. IG (a), MB (b), FA (c) og Matrikkelføring (d)	Gebyr
a. Igangsettingsløyve	3400
b. Mellombels bruksløyve	3400
c. Ferdigattest meir enn 5 – fem – år etter sist gjeve løyve	3400
d. Matrikkelføring knytt til byggesak	1300

DETALJPLANAR

Vedtak 78/25 i kommunestyremøte 15.12.25

2.14 Kva gebyret omfattar

Kommunen kan ta gebyr for handsaming av privat forslag til detaljregulering og søknader om reguleringsendringar.

Gebyret for behandling av slike planforslag omfattar kommunens arbeid med planforslaget fram til og med høyring og offentlig ettersyn, samt at merknadsbehandling er gjennomført, jf. plan- og bygningslova § 33-1.

Det skal betalast handsamingsgebyr og arealgebyr for private planar.
Arealgebyret er avhengig av storleiken på det regulerte arealet.
Arealgebyret blir belasta av satsane i tabell 3, anten a., b. eller c.
Regulert ålmenne «blågrøne areal» blir trekt ifrå totalareal.
Arealgebyr skal **ikkje** betalast for reguleringsendring med forenkla prosess

2.15 Kva dekkjer kommunen

Kommunen dekkjer i denne samanheng kostnadar med ekspedering av planar etter offentleg ettersyn og eigengodkjenning.

2.16 Kostnadar ved kunngjering

Den som fremjar eit privat planforslag, må sjølv dekkje kostnadar med kunngjering av igangsetting av planarbeid etter plan- og bygningslova § 12-11, jf. § 12-8 og § 12-14, samt eventuelt planprogram

2.17 Spesielle kostnadar

Tiltakshavar må dekkje spesielle kostnadar knytt til t.d. førehandsgraving ved uttale frå arkeologiske instansar eller ved uttale frå spesielt sakkunnige (for eksempel geolog) etter plan- og bygningslova § 25-2.

2.18 Avrekning/tidspunkt for fastsetting av gebyr

- Gebyr for oppstartsmøte vert rekna etter dei satsane som gjeld på tidspunktet for oppstartsmøtet. Gebyr vert krevd inn etter gjennomført oppstartsmøte.
- Handsamingsgebyr og arealgebyr vert rekna etter dei satsane som gjeld ved politisk behandlingstidspunkt før 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Gebyr vert krevd inn før vidare administrativ handsaming.
Dersom nærings- og utviklingsutvalet avviser planforslaget ved politisk behandling før 1. gongs høyring og offentleg ettersyn og planforslaget ikkje godkjennast ved eit seinare høve, skal det betalast 50% av totalgebyr (handsamings og arealgebyr).
- Gebyr for behandling av reguleringsendring med forenkla prosess vert rekna etter dei satsane som gjeld ved innsending av komplett søknad.

2.19 Trekking av planforslag

Om planforslaget blir trekt etter oppstartsvarsel, men før innsending av planforslag: 25% av handsamingsgebyr

Om planforslaget blir trekt etter innsending av planforslag, men før første gongs politisk handsaming: 50% av handsamingsgebyr

Om planforslaget blir trekt etter første gongs politisk handsaming:
100% av totalgebyr (handsamingsgebyr + arealgebyr)

Utan framgang i reguleringsprosessar over lenger tid, vil kommunen vurdere om planprosessen skal avsluttast. Gebyr blir då rekna som om planforslaget er trekt.

2.20 Søknad om dispensasjon

Når det gjeld søknader om dispensasjon, sjå byggesaksdelen punkt 2.13 tabell 11.

2.21 Avvik frå satsane

For enkelte særskilde saker kan nærings- og utviklingsutvalet avvike frå desse satsane. Avvik kan nyttast der saka heilt klart er meir/mindre arbeidskrevjande enn det gjeldande satsar fangar opp. Avvik frå satsane kan berre gjerast unntaksvis, og skal vere grunngjeve skriftleg i vedtaket.

2.22 Områderegulering

Områderegulering kan ikkje startast opp etter initiativ frå private. Heimelen for å ta gebyr (jf. § 33-1) gjeld ikkje for områdeplanar. Der det er formålstenleg kan kommunen inngå avtalar når private utfører planarbeidet. Det kan også avtalast særskilt at private skal ta på seg heile eller delar av kostnaden med utarbeiding av planen.

2.23 Gebyrsatsar

Storleiken på sakshandsamingsgebyret vert fastsett ut i frå gjeldande gebyrsatsar i tabell 1 til 3.

Tabell 1. Oppstartsmøte	Gebyr
Oppstartsmøte planforslag (gjennomgang av planinitiativ og gjennomføring av oppstartsmøte)	12000

Tabell 2. Handsamingsgebyr	Gebyr
a.Private forslag til detaljregulering; gebyr ved administrativ behandling uavhengig av storleik på regulert areal	60000
b.Tilleggsgebyr dersom planforslaget ikkje er i samsvar med overordna plan	20000
c.Tilleggsgebyr for planforslag som krev planprogram	22000
d.Tilleggsgebyr for planforslag som krev konsekvensutgreiing	22000

Tabell 3. Arealgebyr private planar	Gebyr
a.Regulert areal inntil 5 dekar	20000
b.Regulert areal frå 5 til 20 dekar	30000
c.Regulert areal over 20 dekar	40000

Tabell 4. Mindre endring av plan (forenkla prosess), jf. pbl. § 12-14	Gebyr
Handsaming av endring av plan med forenkla prosess	Gebyrsats som dispensasjon, jf. byggesaksdelen punkt 2.13 tabell 11 a

Reguleringsplanar skal utarbeidast og leverast digitalt i SOSI-format i gjeldande SOSI-versjon og PDF-plankart. Dette gjeld både nye reguleringsplanar og endringar av reguleringsplan med forenkla prosess.

3. GEBYR FOR HANDSAMING OG KONTROLL AV MINDRE AVLØPSANLEGG

Heimel: Forureiningslova § 52 a og forureiningsforskrifta § 11-4 (kommunale saksbehandlings- og kontrollgebyr). Kommunen er myndigheit etter kap. 12 og kap. 13.

Vedtak i sak 78/25 i kommunestyremøte 15.12.25

3.1 Ramme for gebyrutrekning

Samla gebyrinntekter skal ikkje overstige kommunen sine naudsynnte kostnader for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg, men kan avreknast over ein 4-års periode.

Til alle prisar skal det leggst til meirverdiavgift.

Merk: Gebyr for byggesakshandsaming av sjølve anlegget etter plan- og bygningslova, kjem i tillegg til gebyr for utsleppsløyve og kontroll etter forureiningsregelverket. Dette er to ulike prosessar.

3.2 Sakshandsamingsgebyr

Sakshandsamingsgebyr skal betalast i form av eit eingongsgebyr ved handsaming av søknad om utsleppsløyve, endring/omgjerung av utsleppsløyve.

Tabell Gebyr utsleppsløye	Søknad om utsleppsløye under 15 pe	Søknad om utsleppsløye frå 15 til 49 pe	Søknad om utsleppsløye over 50 pe
a.Søknad om utsleppsløye	6000	12000	20000
b. Mindre endring av utsleppsløye	2000	5000	10000

Større endring/omgjering av utsleppsløye følger same satsar som for søknad om utsleppsløye.

3.3 Tilsynsgebyr

Heimel: *Gebyra er fastsette med heimel i lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket § 5, gjeldande fr å og med 1. mars 2025.*
Kommunen krev årleg tilsynsgebyr for private avløpsanlegg for å dekkje kostnader ved lovpålagt tilsyn og myndigheitsutøving etter forureiningsregelverket.

Gebyret blir kravd per anlegg og omfattar planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsyn, kontroll av drift og vedlikehald, handsaming av avvik og nødvendig registrering/ rapportering.

Gebyret kjem i tillegg til eventuelle gebyr for utsleppsløye og til private avtalar om service og tømning av avløpsanlegg.

Satsar:

Anlegg etter forurensningsforskrifta kapittel 12: Kr 560 per år.

Anlegg etter forurensningsforskrifta kapittel 13: Kr 1120 per år.

4. GEBYR FOR HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA OG EIGARSEKSJONSLOVA

Heimel: *Lov av 17 juni 2005 nr. 101 om egedomsregistrering (matrikkellova) § 32*
Forskrift av 26 juni 2009 nr. 864 om eigendomsregistrering (matrikkelforskrifta) § 16
Lov av 16 juni 2017 nr. 65 om eigarseksjonar (eigarseksjonslova) § 15
Geovekstavtalen.

Vedtak i sak 78/25 i kommunestyret 15.12.25.

4.1 Generelle reglar

Regulativet speglar det faktiske sakshandsamingsarbeidet dei ulike sakstypene medfører (sjølvkost).

Gebyrregulativet delast inn i 3 hovuddelar, som er handsaming etter matrikkellova, eigarseksjonslova og tinglysingslova.

4.2 Urimeleg gebyr

Gebyrfastsettinga i den einskilde sak kan det ikkje klagast på.

Dersom gebyret er urimeleg høgt i høve til kostnadane, kan avdelingsleiar, etter søknad, fastsette ein passende reduksjon i gebyret.

Avdelingsleiar si avgjerd på søknad om reduksjon av gebyr, kan det klagast på etter reglane i *lov av 10 februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)*.

4.3 Rabattar

Ved samtidig oppmåling av 2 til 10 tilgrensande tomter eller eksklusivt uteareal til eigarseksjonar, som vert rekvirert av same rekvirent og i same sak, vert det gjeve 10% reduksjon i gebyr per eigedom/seksjon.

Ved samtidig oppmåling av fleire enn 10 tilgrensande tomter eller eksklusivt uteareal til eigarseksjonar, som vert rekvirert av same rekvirent og i same sak, vert det gjeve 30% reduksjon i gebyr per eigedom/seksjon.

4.4 Betalingstidspunkt

Gebyret kan krevjast på førehand.

4.5 Indeksregulering

Alle satsar etter matrikkellova og eigarseksjonslova i dette regulativet er gjenstand for indeksregulering (kartindeksen), som inneber at satsar kan verte endra i 2026.

4.6 Innhenting av eksterne opplysningar

Kostnader som vert påført kommunen ved innhenting av relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, skal vidarefakturert til rekvirenten.

4.7 Sal av geodata

Sal av geodata har ein minstepris på kr 1250,-.

GEBYR FOR HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

4.8 Oppretting av matrikkeleining

Tabell 1. Oppretting av grunneigedom og festegrunn (med oppmåling)		Gebyr
a. Areal frå	0 – 250 m2	21351
b. Areal frå	251 – 2000 m2	30974
c. Areal frå	2001 m2 – auke per påbegynt 1000 m2	1976

Tabell 2. Matrikulering eksisterande umatrikulert grunn (utan oppmåling)	Gebyr
a. Areal 0 - 500 m ²	11560
b. Areal 501 - 2000 m ²	15462
c. Areal 2001 m ² - auke per påbegynt 1000 m ²	1188

Tabell 3. Oppretting av anleggseigedom	Gebyr
a. Volum 0 - 2000 m ³	20913
b. Volum 2001 m ³ ; per 1000 m ³	1796

Tabell 4. Oppmålingsforretning landbruksføremål	Gebyr
a. Oppmålingsforretning landbrukseigedom (LNF) der landbruksføremålet ikkje vert endra	1744 per time etter tid gått med, med minstepris på 30974.

Tabell 5. Jordsameige	Gebyr
a. Registrering av jordsameige	1744 per time etter tid gått med, med minstepris på 6980

4.9 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Tabell 1. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	Gebyr
a. Utan fullført oppmålingsforretning	Sjå tabellane under punkt 4.8
b. Tilleggsgebyr for oppmåling per matrikkeleining	5670
c. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering. Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg fullføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast.	1/3 av satsane etter punkt 4.8 tabell 1 og tabell 2.

4.10 Grensejustering

Tabell 1. Grensejustering av grunneigedom, festegrund og jordsameige	Gebyr
a. Areal 0 - 250 m ²	11613
b. Areal 251 - 500 m ²	13575

Tabell 2. Grensejustering av anleggseigedom	Gebyr
a. Areal 0 - 250 m ³	13575
b. Areal 251 - 1000 m ³	18638

4.11 Overføring av areal

Tabell 1. Arealoverføring av grunneigedom, festegrunn og jordsameige	Gebyr
a. Areal 0 - 250 m ²	21636
b. Areal 251 - 500 m ²	31440
c. Arealoverføring per nye påbegynt 500 m ² medfører ein auke av gebyret på	1679

Tabell 2. Arealoverføring i anleggseigedom	Gebyr
a. Volum 0 - 250 m ³	22889
b. Volum 251 - 500 m ³	25795
c. Arealoverføring per nye påbegynt 500 m ³ medfører ei auke av gebyret på	1976

4.12 Klarlegging av eksisterande grense

Tabell 1. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning	Gebyr
a. Inntil 2 grensepunkt	7351
b. For overskytande grensepunkt – Pr punkt	1433

Tabell 2. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare ikkje er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning / eller klarlegging av rettar	Gebyr
a. Inntil 2 grensepunkt	11625
b. For overskytande grensepunkt - Pr punkt	1886

4.13 Private grenseavtalar

Tabell 1. Private grenseavtalar	Gebyr
a. Registrering av private grenseavtalar	1744 per time etter tid gått med, med minstepris på 6980

4.14 Utsteding av matrikkelbrev

Tabell 1. Utsteding av matrikkelbrev	Gebyr
a. Matrikkelbrev inntil 10 sider	297
b. Matrikkelbrev over 10 sider	601

GEBYR FOR HANDSAMING ETTER EIGARSEKSJONSLOVA

4.15 Gebyr heimla i lov om eigarseksjonar

Gjeld deling i eigarseksjonar av eigedom, samt sletting av eigarseksjonar. I følge eigarseksjonslova, er det med heimel i § 15 fastsett følgjande:

Tabell 1. Eigarseksjonering av bygg (eigarseksjonslova kap. III §§ 10-19)	Gebyr
a. Gebyr for handsaming og oppretting av seksjonssameige – grunnpris	22643
b. Tilleggsgebyr pr eigarseksjon	2260

Tabell 2. Reseksjonering av bygg (eigarseksjonslova kap. IV §§ 20 – 22)	Gebyr
a. Gebyr for reseksjonering av seksjonssameige – grunnpris	11329
b. Tilleggsgebyr pr eigarseksjon	749

Tabell 3. Sletting av eigarseksjonar	Gebyr
a. Gebyr for å slette seksjonssameige – grunnpris	4638
b. Tilleggsgebyr pr sletta eigarseksjon	452

4.16 Oppmåling av uteareal per eigarseksjon

Tabell 1. Oppmåling av uteareal per eigarseksjon	Gebyr
a. Areal 0 - 50 m2	11043
b. Areal 51 - 250 m2	12323
c. Areal 251 - 2000 m2	15436
d. Areal frå 2001 m2 - auke per påbegynt 1000 m2	892

GEBYR ETTER TINGLYSINGSLOVA

4.17 Tinglysingsgebyr for registrering av grunneigedom

Tinglysingsutgifter som er statleg kjem i tillegg. Gebyrsatsane som er fastsett er å finne på kartverket sine heimesider.

5. GEBYR FOR HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA

Heimel: *Forskrift av 14 desember 2011 nr. 1336 om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2*

Vedtak: Sak 78/25 i kommunestyremøte 15.12.25

5.1 Delingssamtykke

Tabell 1. Deling	Gebyr
a. Søknad om delingssamtykke	2000

5.2 Konsesjonssaker

Tabell 1. Konsesjonssaker	Gebyr
a. Enkle kurante saker	2282
b. Andre saker	5000

Unntak for gebyrplikt

- a. Når det vert søkt om konsesjon, fordi eigaren ikkje skal oppfylle lovbestemt buplikt (slektskapskonsesjon), jf. konsesjonslova § 5 andre og tredje ledd og § 9 fjerde ledd, skal det ikkje betalast gebyr.
- b. Kommunen skal ikkje betale gebyr til seg sjølv.

5.3 Jordprøver

Tabell 1. Jordprøver	Gebyr
a. Jordprøver inklusive porto	333

5.4 Autorisasjonsordning i plantevern/smågnagar

Tabell 1. Autorisasjon	Gebyr
Gebyr plantevernordning	231
Gebyr smågnagarordning	252

5.5 Indeksregulering

Satsane under punkt 5.1 til 5.2 er fastsett i forskrift og er ikkje grunnlag for indeksregulering.

6. GEBYR FOR GRAVING I KOMMUNALE VEGAR ETTER VEGLOVA

Heimel: Lov av 21 juni 1963 nr. 23 om vegar (Veglova) § 32

Forskrift av 10 august 2013 nr. 1212 om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av leidningar over, under og langs offentleg veg (Forskrift om leidningar i offentleg veg) § 18

Vedtak: Sak 78/25 i kommunestyremøte 15.12.25

5.1 Graveløyve

Tabell 1. Graveløyve	Gebyr
a. Handsaming av søknadar om graving i kommunale vegar	1782